



## KRAV TIL SØKNAD OM AUTORISASJON 1. KONSERVATOR NMF

### Utdanning

- Avlagt magistergrad / Laudabelt hovudfag / Mastergrad (120 studiepoeng) med karakterane A–C.

### Forskningsarbeid

- **Alternativ 1 (med doktorgrad):** Vitskapeleg avhandling på norsk doktorgradsnivå. Utanlandske doktoravhandlingar må vere godkjent av NOKU.
- **Alternativ 2 (utan doktorgrad):** Vitskapelege arbeider *tilsvarande* omfanget av ei ph.d. avhandling på norsk doktorgradsnivå: Det vil seie 3-5 vitskapelege publikasjonar eller eit større arbeid, pluss ein vitskapeleg «kappetekst». I sum skal kappeteksten og publikasjonane framstå som eit samla og sjølvstendig vitskapeleg bidrag, som viser ein samanheng enten tematisk, teoretisk eller metodisk. Kappeteksten har same føremål som ein finner i artikkelbaserte ph.d. avhandlingar, men vil normalt være mindre i omfang. Kappeteksten skal demonstrere søkarens evne til å gjennomføre sjølvstendig forskning i tråd med etablerte vitskapelege metodar og kriterium.

### Overordna krav til kappeteksten

- Kappeteksten skal skrivast i eit vitskapeleg format innan den disiplin søkaren plasserer seg innanfor. Kappeteksten er ein form for innleiing som ikkje berre skal samanfatte, men også samanstille dei problemstillingane og konklusjonar som leggst fram i dei tre artiklane i eit heiskapeleg perspektiv. Generelt vil kappeteksten gi anledning til å utdjupe eller vidareutvikle nokon av dei teoretiske og metodiske grepa som søkaren allereie har anvendt i eigen publisert forskning, men i meir kortfatta form. Kappa skal innehalde ei rimeleg grad av faglege ajourføringar når det er nødvendig ut frå artiklanes publiseringpunkt.
- Kappeteksten skal synleggjere og oppsummere det vitskapelege bidraget til det aktuelle forskingsfeltet, og gi ei grunngjeving for val av forskingsspørsmål- og eller hypotesar. Den skal presentere og grunngje artiklanes teoretiske og metodiske perspektiv – og samanfatte resultatane i dei enkelte artiklane. Kandidaten skal vere einaste forfattar på kappeteksten.
- Strukturen på kappa bør følgje oppbygning som andre vitskapelege tekstar. Til dømes; tittel, innleiing, teori, metode, empiri, diskusjon, og konklusjon, referansar og vedlegg.

### Vedlagte arbeid

Arbeida som blir sendt inn skal som hovudregel vere fagfellevurderte og publisert eller antatt for publisering. Søker må vere einaste forfattar på minimum 2 av 3 arbeid. Viss eit vedlagt arbeid har fleire forfattarar, må søkarens sjølvstendige bidrag tydeleggjerast i kappeteksten.

**Søknaden om autorisasjon som 1. konservator NMF skal inneholde følgende:**

**Alternativ 1:**

Utfylt søknadsskjema  
Dokumentasjon av museumspraksis  
Stadfesta kreeringsdokument/stadfesting på godkjent avhandling  
Ved grad avlagt ved utlandsk universitet, må godkjenning frå NOKUT leggest ved  
Bibliografi / fullstendig liste over vitskapelege publikasjonar

**Alternativ 2:**

Utfylt søknadsskjema  
Dokumentasjon av museumspraksis  
Vitnemål for avlagt magistergrad, hovudfag eller mastergrad  
Bibliografi / fullstendig liste over vitskapelege publikasjonar  
Vitnemål for avlagt magistergrad, hovudfag eller mastergrad  
Ved grad avlagt ved utlandsk universitet, må godkjenning frå NOKUT leggest ved  
Vitskapelege arbeid

*Talet på vedlagde arbeid skal normalt ikkje overstige fem, men viss det er særskilte grunnar kan fleire arbeid bli sendt inn til vurdering.*

**Arbeida må anten vere fagfellevurdert, publisert eller tatt inn for publisering.**

Lengda på arbeida kan variere grunna ulike fagtradisjonar. Samla sett skal det svara til ein doktorgradsavhandling i den aktuelle fagdisiplinen.

**Museumspraksis**

- To års variert museumspraksis
- Inntil eit års museumspraksis kan kompenserast ved anna relevant praksis

**Vi ber om at det blir gjeve utfyllande informasjon om kva dei ulike erfaringane består av, til dømes kva utstillingar søkar har hatt særleg ansvar for, kva slags oppgåver innan samlingsforvaltning og formidling ein har hatt.**

Søknadsskjema lastast ned frå NMF si heimeside, fyllast ut og sendast elektronisk i Word-format. Andre dokument som er pålagt innsendt skal **sendast elektronisk i PDF-format.**

Arbeid innlevert for vurdering kan ikkje trekkjast tilbake.

**Hugs å merke alle filer med søkarens namn. Sjekk at alle filene er leselege.**